

Frå: Hogne Askeland
Send: tirsdag 29. mars 2022 09:11
Til: rmryland@gmail.com
Kopi: Hanne Marie Evensen
Emne: SV: Avløp gbnr 217/43 Romarheim

Hei.

Ein tinglyst rett til å kople seg til eit eksisterande rør ut i sjø frå bnr. 58 er ein privat rett mellom deg og eigar av bnr. 58, ikkje eit utsleppsløyve.

Eit utsleppsløyve skal gjevast etter forureiningslova §11 og forureiningsforskrifta § § 12-3.

Eg kan ikkje sjå at det ligg føre utsleppsløyve for eigedom gbnr. 217/43 Romarheim. Dette må det søkjast om.

§ 12-9 i forureiningsforskrifta gjeld for utslepp til mindre følsame område i Alver kommune.

Ta gjerne kontakt om du treng rettleiing undervegs.

Hogne Askeland | Konsulent Miljø og tilsyn
Telefon +47 56 34 90 06 Mobiltelefon +47 959 68 452

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Frå: Rune Martin Ryland <rmryland@gmail.com>
Send: mandag 28. mars 2022 13:12
Til: Hanne Marie Evensen <hanne.marie.evensen@alver.kommune.no>
Kopi: torbjorn-romarheim@hotmail.com; Knut Farestveit <Knut.farestveit@gmail.com>
Emne: Avløp gbnr 217/43 Romarheim

Hei Hanne Marie

Vi holder no på med å klargjere søknad for hytte på bnr 217/43 på Romarheim, eg har nokre spørsmål vedr. utslepp og eventuelt søknad om dette.

Det står i referatet frå førhandskonferansen vi hadde at privat avløp krev søknad om utsleppsløyve dersom dette ikkje ligg føre.

Eg har jo ein tinglyst rett til å koble meg til eksisterande rør ut i sjø fra bnr.58, altså vert det ikkje eit nytt utslepp, men ei auke av eksisterande utslepp.

I rettleiinga for søknad om avløp på kommunen sine sider står det:

"Du må søkje kommunen om utsleppsløyve både når du skal etablere eit nytt utslepp, og når du skal auke eit eksisterande utslepp utover dei eksisterande rammene. Du må også søkje dersom du skal endre type utslepp eller utsleppsstad."

Kan du finne ut om avløp fra bnr 58 er godkjent for meir enn ei hytte?

Det burde jo vore tatt høgde for fleire hytter på dette utsleppet når kommunen godkjende det, i og med at både bnr 44 og bnr 43 hadde tinglyst rett til å koble seg til.

Om dette er tilfelle, er det då nødvendig for meg å søke?

Kan du også bekrefte at det er standardkrava for reinesgrad som gjeld for Alver kommune (§ 12-9 i forureiningsforskrifta)?

Venleg helsing
Rune Martin Ryland
tlf 93034187

tor. 17. feb. 2022 kl. 15:32 skrev Hanne Marie Evensen <hanne.marie.evensen@alver.kommune.no>:

Se vedlegg